



Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Tungestølen turisthytte
Dato: 02.09.2024
Tidspunkt: 16:00

Velkommen til det femte møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2024.

Møtet finn stad måndag 2.september på Tungestølen turisthytte, Veitastrond i Luster kommune.

Før styremøtet vert det synfaring av ulike tiltak i området. Oppmøte ved Tungestølen turisthytte kl 11:00.

Tysdag 3.september vert det synfaring til Austerdalsbreen.
Vi satsar på å vere ferdige til kl 14.

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge på tlf 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen

Venleg helsing

Trygve Snøtun og Tor Arne hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 25/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 26/24	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 27/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Vetledalseter turisthytte - Dispensasjon - Montering av solcellepanel - Indre Nordfjord Turlag		2024/12183
ST 28/24	Delegerte saker		
DS 3/24	Delegert vedtak - Forlenga frist for utbetring av sti til Bresanden i Briksdalen - Per Briksdal		2023/18230
DS 4/24	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Lågtflyging med helikopter - Fotografering - 2024 - JOSTICE - NVE		2024/11330
ST 29/24	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 30/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Motorferdsel - Uthenting av felt hjort med helikopter - Ruteflotdalen		2024/12652

Orienteringssaker

1. Status tiltaksplan og økonomi
2. Utkast til hovudplakat
3. Re-autorisering av besøkssenteret i Oppstryn
4. Mediasaker sidan sist

ST 25/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 26/24 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2024/12183-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 27.08.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	27/24	02.09.2024

Jostedalsbreen nasjonalpark - Vetledalseter turisthytte - Dispensasjon - Montering av solcellepanel - Indre Nordfjord Turlag

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev Indre Nordfjord Turlag dispensasjon til fasadeendring for oppføring av eit solcellepanel på Vetledalseter turisthytte. Dispensasjonen er gjeven med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV, punkt 1.3, fyrste strekpunkt.

Det vert sett som vilkår at:

1. plasseringa av solcellepanelet vert som om søkt; i kroken på sørvest-sida av hytta, opp under rafta.
2. solcellepanelet skal monterast flatt på vegg eller vinklast mot sola for å utnytte panelet best mogeleg.
3. solcellepanelet skal vere monokrystallinsk i matt svart farge, og ikkje større enn 140 cm breitt og 60 cm høgt.
4. det skal ikkje monterast uteljos på bygningen som følgje av tiltaket
5. løyvet gjeld i 5 år frå vedtaksdato.
6. søkjar skal etter oppføringa av solcellepanelet sende biletdokumentasjon av gjennomført tiltak til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Det er lagt særleg vekt på at tiltaket ikkje vil påverke verneføremålet og verneverdiane nemneverdig.

Dokument i saka

- Søknad om montering av solcellepanel på DNT/INT-hytta i Vetledalen med vedlegg, epost av 13.08.2024



Saksopplysningar

Indre Nordfjord Turlag søker om følgjande:

«Søknad om montering av solcellepanel på DNT/INT – hytta i Vetledalen.


I samband med restauring av hytta i Vetledalen (mest innvending) er det både frå vår side og eigar av hytta Svenn Jarle Mykløen ynskje om løyve til montering av Solcellepanel.

Grunnar til dette er:

- a) *Hytta har i dag kun stearinlys til lys på seine kveldar. Vi har etter kvart sett døme på uforsvarleg bruk (t.d. ved sengane på sovesal). Vi ynskjer å reduserer risikoen forbrann i hytta.*
- b) *Ved montering av nytt kjøkken vil det no verte montert nedfelt oppvaskkum. Vi ynskjer å montere vassdunk med pompe, unngår ein del « slabb» med vatn på kjøkkenet. I dag nyttar ein kun oppvaskfat.*
- c) *Vi ynskjer å montere 1 lys sovesal i 2. etasje – 1 lys kjøkken i 1. etasje og 2 lampettar i stov1. etasje. Ikkje aktuelt med utelys. På den måten unngår ein farleg bruk av stearinlys.*
- d) *Panelet vil verte notert i « hukken» sørvent på hytta oppunder rafta. Her vil det ikkje verte synleg for andre sel på setra, og heller ikkje for turfolk som kjem i område.*
- e) *Panelet vil maks ha ein størrelse på 60 x 140 cm – svart (sjå vedlegg)*

Vi har vore i kontakt med Sparelys på Åheim, og fått deira syn på kva som bør monterast utifrå den bruken som er tenkt. Utifrå dagens batteri har vi valgt Lithium og ikkje syrebasert batteri, meir miljøvennleg. Dei har anbefalt størrelse på batteri/kraftpakke utifrå bruk.

Med tenkt plassering av solcellepanel vil det i liten grad vere skjemmande på fasaden. Vi har tatt utgangspunkt i søknad som vart innvilga på hytte i Sunndalen, og har tilpassa plassering på vår hytte utifrå dette.»



Figur 1 Kartskisse over Vetledalseter. Turisthytta, markert med raud pinne, ligg lengst sør på setervollen.



Figur 2 Sørvest sida på turisthytta. Solcellepanelet er søkt plassert på veggen med vindauga, oppunder rafta.



Figur 3 Type solcellepanel som er tenkt brukt



Lovgrunnlag

Delegering

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er delegert forvaltningsmynde for Jostedalsbreen nasjonalpark i medhald av vedtekter, sist revidert 19.01.2024.

Verneføremål – forskrift

«Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.»

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg med omsyn til landskapsverdiane i området, som er mest relevant i denne saka, jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1991, kap. IV, punkt 1.1. Det følgjer av verneforskrifta sitt kap. IV, punkt 1.1. at:

«Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for turrlegging, framføring av luft- og jordleidningar, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Det er forbode å bryte laus stein, mineralar eller fossilar. Det same gjeld uttak av slikt materiale for sal. Uttak av stor stein eller stein i mengder er også forbode.»

Forvaltningsstyresmakta kan etter kap. IV, punkt 1.3, fyrste strekpunkt, når særlege grunnar ligg føre gje løyve til:

« - byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.a.som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.

.....

Det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter punkt 1.3.»

Tiltaket med montering av solcellepanel er ei fasadeendring som etter sakshandsamar si vurdering fell inn under formuleringa « - byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m....» i punkt 1.3.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er frå 1994, og vart sist endra/oppdatert i 2002. Etablering av solcellepanel er ikkje omtala i planen.

Naturmangfaldlova

Søknaden skal vurderast etter naturmangfaldlova (nml). Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som rører ved naturmangfald, og vurderinga og vektlegginga skal gå fram av vedtaket.



Presedens

Presedensverknaden vert vurdert som høg, difor legg forvaltninga vekt på presedens når det omsøkte tiltaket blir handsama i denne saka. Eit svart solcellepanel som ikkje reflekterer lyset, av moderat storleik, plassert på ein vegg som vender vekk frå setervollen, vert ikkje sett på som problematisk. Derimot kan verneverdiane verte forringa om det skulle bli opna for større solcellepanel og solcellepanel på stader som er meir synleg og skjemmande i landskapet.

Vurdering

Omsøkt tiltak vil medføre fasadeendring og vert difor ikkje vurdert som vedlikehald etter verneforskrifta kap. IV, punkt 1.2, fyrste strekpunkt. Forvaltningsstyresmakta kan når det ligg føre særlege grunnar gje løyve til endring av bygningar jf. punkt 1.3, fyrste strekpunkt. Bygningane skal då vere i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.

Fasadeendring og oppføring av solcellepanel er ikkje omtala i forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Det vart i utvalssak 30/22 gjeve løyve til oppføring av solcelleanlegg på ei hytte i Sognskaret i Sunndalen, om lag 2 km innanfor Sunndalssætra. Søknaden den gong gjaldt ei hytte som låg einsleg til i eit område utan andre bygningar. Påverknaden på kulturlandskap og bygningsmiljø vart i den saka vurdert til å vere mindre relevant.

Det vart i utvalssak 27/23 gjeve løyve til oppføring av solcelleanlegg på ein bygning som ligg på Sunndalssætra, ei stølsgrend med mange flotte og tradisjonsrike sel. Påverknaden på det verneverdige kulturlandskapet vart den gongen vurdert som liten, då storleiken på panelet var moderat og plasseringa var optimal, på ein vegg som vende vekk frå dei andre sela og dei merka stiane.

Ved vurdering av om det *kan* gjevast dispensasjon til omsøkt tiltak skal nasjonalparkstyret vurdere ein dispensasjon i lys av verneføremålet, naturtilhøva i det einskilde området osv. Ved vurdering av om tiltaket er i strid med verneføremålet og om det påverkar verneverdiane nemneverdig, må vi ta utgangspunkt i føremålet for vernet slik det er formulert i kap. III i verneforskrifta.

Naturverdiane i området er dokumentert gjennom naturbase, Artsdatabanken, oppsyn i området ved Statens Naturoppsyn, og etter mange års forvaltningspraksis, jf. nml § 8 (kunnskapsgrunnlaget). Det er utarbeidd skjøtselsplan for kulturlandskapet i Sunndalen i 2022. Det vart gjennomført kartlegging av hekkefugl i området i 2019. Fjellområda rundt Sunndalen er registrert som villreinområde, men ikkje områda nær Sunndalssætra. Det er registrert at jerv har passert Sunndalssætra. Tiltaket vil ha liten eller ingen påverknad på trua eller sårbare artar i området. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert til å vere tilstrekkeleg for å vurdere saka, jf nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml § 9 er difor ikkje tillagt vekt.

Verneområdeforvaltninga skal vurdere verknaden eit tiltak kan få på økosystemet, og den samla belastninga av tiltaket jf. nml. § 10. Per i dag er det ingen retningslinjer for oppføring av solcellepanel i Jostedalsbreen nasjonalpark. Vestland fylkeskommune har tidlegare i ei liknande sak uttalt seg på generelt grunnlag: *«når det gjeld plassering, storleik og form på solcellepanelet skal det takast omsyn til bygningens karakter og opphavslege funksjon i kulturmiljøet og landskapet. Ved etablering av solceller må ein unngå gjenskin frå panelet og*



store kontrastar i høve eksisterande fasade. Det må takast omsyn til eksisterande farge- og materialbruk».

Søknaden om 1 stk. enkeltstående panel (140x60cm) plassert som omsøkt på sørvestveggen, som vender bort frå dei andre sela og setervollen, vert ikkje vurdert å påverke landskapet uforholdsmessig mykje. Tiltaket er reversibelt, då installasjonen enkelt kan fjernast. Gjenskin frå solcellepanelet kan førekome, men vert ikkje sett på som problematisk for dyrelivet i området. Med den omsøkte plasseringa på sørvestveggen vil ikkje gjenskin vere noko estetisk problem for brukarar av dei andre sela. Turgåarar på stien frå Erdalbreen vil kunne sjå panelet og evt. oppleve sjenerande gjenskin frå dette.

Presedensverknaden vert vurdert som høg, då det kan verte vanskeleg å avslå seinare søknader om solcelleanlegg frå andre eigarar av sel på Vetledalseter, sjølv om plassering på sør-/sørvestvegg på dei andre sela lett vil verte mykje meir synleg og skjemma for ålmenta. Dersom fleire av sela i Vetledalen får fastmonterte solcellepanel på veggen vil det kunne prege kulturmiljøet og landskapet på ein uheldig måte, og den samla belastninga for landskapet kan verte for stor. Men solcellepanel vil og kunne lette bruken av sela m.a. gje større branntryggleik, og dermed på sikt vere med å ta vare på bygningar og bygningsmiljø på sætra.

Solcelleteknologien er under stadig utvikling, og nye og betre løysingar tilpassa sårbare bygningsmiljø kan kome på marknaden. Det kan til dømes verte meir aktuelt med solcellepanel som enkelt kan setjast opp når selet er i bruk og takast ned att når selet vert tomt. Dette talar for at eit eventuelt løyve til oppføring av solcellepanel bør gjerast tidsavgrensa, slik at nasjonalparkstyret kan vurdere å endre løyvet etter til dømes 5 år.

Nml. § 11 er vurdert som lite relevant i denne saka, då tiltaket ikkje vil gje skadar på miljøet.

Solceller vert sett på som fornybar energi og er eit betre alternativ enn t.d. dieselaggregat for å løyse energibehovet i mange stølsområde. Solcellepanel vil kunne vere negativt for opplevinga av kulturlandskap og bygningsmiljø, men det vil ikkje påverke vilt og flora på nokon måte. Det er søkt om eit solcellepanel med matt svart spegel. Det er vurdert at den mest effektive og minst sjenerande teknologien er matte svarte monokrystallinske solcellepanel med ei matt svart overflate. Tiltaket er difor vurdert til å vere den beste løysinga for turisthytta i Vetledalen med den kunnskapen som er tilgjengeleg pr. dags dato (jf.nml. § 12). Teknologien innanfor fornybar energi er under stadig utvikling. For å kunne få den beste miljømessige løysinga for stølshusa, er det i dette tilfellet aktuelt med avgrensa tidsperiode for løyvet til solcellepanel. Med omsøkt plassering, vilkår om montering av monokrystallinsk matt svart panel og tidsavgrensing vil dette tiltaket gje liten påverknad på landskapet og moglegheit for å oppgradere teknologien i framtida.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderinga etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar konsekvensane av montering av eit enkeltstående solcellepanel (140x60cm) som lite og reversibelt. Tiltaket vert samla sett vurdert til å påverke verneverdiane i liten grad, og vil ikkje vere i strid med verneføremålet. Presedensverknaden vert vurdert som høg, difor har forvaltninga lagt vekt på presedens når det omsøkte tiltaket har vorte handsama. Eit moderat enkeltstående solcellepanel med optimal plassering på ein vegg som vender vekk frå dei andre sela, vert ikkje sett på som problematisk, derimot kan verneverdiane verte forringa om ein får fleire markante solcellepanel på stølshus i eit stølsmiljø.

ST 28/24 Delegerete saker



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Rådhusvegen 1
6868 Gaupneststed

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3133
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

OLDEDALEN SKYSS AS
Oldedalsvegen 2211
6792 BRIKSDALSBRE

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2023/18230-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 18.07.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak	4/2024
-----------------------	---------------

Delegert vedtak - Forlenga frist for utbetring av sti til Bresanden i Briksdalen - Per Briksdal

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:

I medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3, tredje og fjerde ledd, og punkt 4.3, andre ledd, får Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbreen Fjellstove forlenga sin dispensasjon frå verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark for å kunne gjennomføre utbetringar av stien til Bresanden ved Briksdalsbreen.

Løyvet gjeld fram til 30.09.2024.

Vilkåra elles, gjeve i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt vedtak 20.12.2023, gjeld som før.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.



Dokument i saka

Søknad om utsett frist, datert 19.06.2024

Sak 47/23 i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre datert 20.12.2023

Søknaden

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav i sitt møte 20.12.2023 Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbreen fjellstove følgjande dispensasjon:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3, tredje og fjerde ledd, Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbreen Fjellstove løyve til følgjande tiltak på turstien til bredesanden ved Briksdalsbreen:

- *Oppgradering av eksisterande tursti frå nasjonalparkgrensa til bredesanden før Briksdalsbrevatnet.*
- *Turstien skal avgrensast så godt det let seg gjere til dagens breidde.*
- *Eventuelle dreneringsrøyr skal blendast av med stein.*
- *Det kan nyttast pukk som berelag og 0-16 mm grus som topplag.*
- *Løyve til å grave ned tråkkstein over bredesanden til moreneryggen frå 1996. Det skal ikkje gravast i moreneryggen.*
- *Tråkkstein skal vere av same bergart som omgjevnadane og hentast lokalt.*

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 4.3, andre ledd, Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbreen Fjellstove løyve til følgjande motorisert ferdsel i samband med tilrettelegging av turstien til Briksdalsbreen:

- *Bruk av gravemaskin på mindre enn 2000 kg i inntil 5 dagar.*
- *Bruk av høveleg traktor i inntil 5 dagar.*
- *Det skal ikkje vere køyrespor att etter ferdig arbeid.*
- *Løyvet gjeld ikkje søndagar og heilagdagane.*
- *Løyvet gjeld til og med 30.06.2024.*
- *Lokalt naturoppsyn skal varslast seinast dagen før tiltaket startar (SNO – Anne Rudsengen – tlf. 959 63 888).*

Magnus Rustøy tok 9. juni kontakt med nasjonalparkforvaltar for å varsle om at tiltaket dei hadde planlagt gjennomført våren 2024 ikkje ville bli ferdig innan fristen sett i vedtaket. Forvaltar bad då om at det vart sendt inn ein enkel men grunngjeven skriftleg søknad om utsett frist.

I epost datert 19.06.2024 søker Magnus Rustøy på vegner av Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbreen fjellstove om forlenging av frist for gjennomføring av tiltaket, og med det forlenging av løyve til motorferdsle i samband med dette, til 30.09.2024.

Jeg viser til telefonsamtale i dag vedkomande Vedtak: Utvalsak 47/23; tiltak/tilrettelegging av sti ved Briksdalsbreen.



Løyvet som er gitt gjeld til og med 30.06.2024. Vi ber om utsetjing av fristen til 30.09.2024. Dert har vore ein uvanleg hektisk forsommar med mange arbeidsoppgåver for skyslaget i kombinasjon med uvanleg stor pågang av turistar - heile dagar frå morgon til kveld. Tiltak inn ved Bredesanden treng å bli gjort i ro på kveldstid; då det er mengde besøkande minkar.

Vi kan rekke å få ordna med det våte området i «inngangsportalen» ved den store steinen; Figur 3 pkt.2; før 30.juni, men vil føretrekke å vente med sjølve stien fram mot den verneverdige moreneryggen til september då turistrykket er minkande. Vi treng og tida fram til då for å samle høveleg stein.

Vurdering

Vi er kjent med den store turisttrafikken som har vore i Briksdalen våren 2024 og den tidlege slåtten, som medførte at det var vanskeleg å få folk med på dugnadsarbeid i vår. Vi vurderer det som ein god grunn for å søkje om utsett frist til 30.09.2024. Utsett frist vil ikkje medføre negative konsekvensar for verneverdiane i området. For besøkande si oppleving av området vil gjennomføring av tiltaket på eit tidspunkt med færre tilreisande vere positivt.

Med helsing

Tor Arne Hauge
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SNO Jostedalsbreen
STRYN KOMMUNE
Per Briksdal
Magnus Rustøy

Tonningsgata 4

6783

STRYN



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Rådhusvegen 1
6868 Gaupneststed

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3139
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Sakshandsamar Trygve Snøtun

Vår ref. 2024/11330-0

Dykkar ref.

Dato 26.07.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak	5/2024
----------------	--------

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Lågtflyging med helikopter - Fotografering - 2024 - JOSTICE - NVE

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, med i heimel i kapittel IV, punkt 4.3, tredje strekpunkt i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, løyve til Noregs Vassdrags- og Energidirektorat til motorisert ferdsel med lågtflyging med helikopter i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med fotografering av brear, breforland, bredemte innsjøar og andre geologiske hendingar, som eit ledd i innsamling av forskingsdata i JOSTICE-prosjektet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området, og den skal gjennomførast mest mogeleg konsentrert i tid.
- Løyvet gjeld for perioden 15. august 2024 til 15. september 2024.
- Løyvet gjeld ikkje helgedagar.
- Løyvet til lågtflyging med helikopter for fotografering gjeld for ein dag. Lågtflyginga skal så langt det let seg gjere følgje innteikna punkt i kart i søknad (figur 1).
- Eventuelle avvik frå innteikna punkt i kart skal avklarast med forvaltar.
- Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen eller nasjonalparkforvaltar skal varslast før flyging, og forvaltar kan utsette flyging i særleg utføresette tilfelle.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha rapport i etterkant av feltarbeidet, og om de har gjort eventuelle observasjonar av dyr eller spor eller liknande undervegs.

Løyvet gjeld for omsøkt aktivitet etter verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark.



Dokument i saka

- Søknad om løyve til lågtflyging i Jostedalsbreen nasjonalpark frå NVE ved Hallgeir Elvehøy, datert 04.07.2024.

Søknaden

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat ved Hallgeir Elvehøy, heretter kalla NVE, søkte i e-post datert 04.07.2024 om løyve til å fly helikopter lågare enn 300 meter over bakken for fotografering av brear, breforland og bredemte innsjøar i samband med forskingsprosjektet JOSTICE.

I søknaden frå NVE står det:

«Jostedalsbreen nasjonalpark – søknad om løyve til å fly helikopter lågare enn 300 meter over bakken for fotografering i JOSTICE-prosjektet – Noregs Vassdrags- og Energidirektorat

Jostedalsbreen er det største samanhengande breområdet i Europa utafor Svalbard og Island. I JOSTICE (www.jostice.no) har fleire institusjonar gått saman om å kartlegge breen og studere utviklinga til breområdet, og å lage scenario for korleis breområdet vil utvikle seg som følge av klimaendringar fram mot år 2100. Dessutan er endringar i påverknad på samfunnet rundt breen undersøkt. Prosjektet vert avslutta i 2025.

Ein viktig del av prosjektet har vore å kartlegge istjukkleik og lage terrengmodellar for breoverflata og brebunnen som viser korleis området kan sjå ut om breen smeltar vekk. Radarmålingar vart gjort i perioden 2018-2023, og resultatane er no til fagfellevurdering.


Gillespie, M. K., Andreassen, L. M., Huss, M., de Villiers, S., Sjrursen, K. H., Aasen, J., Bakke, J., Cederstrøm, J. M., Elvehøy, H., Kjølmoen, B., Loe, E., Meland, M., Melvold, K., Nerhus, S. D., Røthe, T. O., Støren, E. N. W., Øst, K., and Yde, J. C.: Ice thickness and bed topography of Jostedalsbreen ice cap, Norway, Earth Syst. Sci. Data Discuss. [preprint], <https://doi.org/10.5194/essd-2024-167>, in review, 2024.

Jostice har framskaffa eit stort datasett med punktverdiar av snødjup og istjukkleik, og interpolerte terrengmodellar (grid) for breoverflata, istjukkleik og brebotnen som vil vere allment tilgjengeleg når prosjektet vert avslutta. Vi ønsker å komplettere datasettet ved å vise korleis dei kartlagde breane ser ut no. Dette ønsker vi å oppnå ved å ta bilete frå helikopter av dei fleste brearmene. Sidan det kom relativt lite snø på Jostedalsbreen i vinter ligg det an til at det vil vere gunstige forhold for fotografering.

Vi ønskjer å fotografere breane i tidsrommet 15. august – 15. september. Vi planlegg å bruke om lag 2 timar på ei runde rundt breen. Dei fleste stadane vil vi fotografere frå relativt stor høgd og avstand for å inkludere breforlandet. Nokre stadar som er spesielt interessante knytta til brekantsjøar og ras ønsker vi å kunne flyge nærare UTAN å lande. Dette gjeld Tunsbergdalsbreen/Brimkjelen, brekantsjøen ved Melkevollbreen, brekantsjøen ved Flatbreen/Supphellebreen, ein brekantsjø på Fåbergstølsnosi, og ved øvre brefall i Brenndalsbreen der det gjekk eit stort steinras i 2010. Dei aktuelle brearmene er vist på vedlagt kart som oransje prikkar, medan stadane vi ønskjer å flyge lavt er vist med store raude prikkar.



Primært ønsker vi å gjere fotograferinga i samband med anna feltarbeid NVE gjer knytta til massebalansemålingane på Austdalsbreen og Nigardsbreen, men om dette ikkje lar seg gjere vil det verte gjort som ein eigen tur.»



Figur 1: Kart over Jostedalsbreen med aktuelle brearmar teikna inn med oransje prikkar. Dei større raude prikkane er planlagt å fly nærare for å få meir detaljerte bilete.

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Naturmangfaldlova.

Verneforskrift og verneformål

Kapittel III: Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.



Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta kapittel IV, pkt. 4.1).

Forvaltingsstyresmakta kan likevel gje løyve til motorferdsel i samband med vitenskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon, jf. kapittel IV, punkt 4.3. Følgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter verneforskrifta kapittel IV, pkt. 4.3.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

I forskingsprosjektet JOSTICE er det mange fag- og forskingsinstitusjonar som er involvert, mellom anna NVE. Også i føregåande år har prosjektet søkt og fått motorferdselløyve i samband med ulike feltarbeid på Jostedalsbreen. Det er eit stort forskingsprosjekt som ser på heilskapen mellom breen, klima, natur og samfunn. Eitt av hovudpunkta i prosjektet er å kartleggje istjukkleiken og topografien under breoverflata. Etter fleire vellukka feltsesongar er mykje av denne jobben ferdig. No vil ein også få eit tidsbilete på korleis breane ser ut på overflata i dag. Vidare har det dei seinare åra dukka opp fleire bredemte innsjøar som NVE ønskjer å følgje opp, samt eit større steinras ved Brenndalsbreen. Lite snø på breane dette året vil gjere bre-/isgrensa meir synleg. Resultata frå prosjektet vil vere av både vitenskapleg- og forvaltingsinteresse.

I verneforskrifta til Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel 4, punkt 4.3 står det at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til mellom anna motorferdsel i samband med vitenskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon. JOSTICE stettar desse krava. Vidare i forvaltingsplanen står det i retningslinjene for forskning og undervisning (kap. 7.3.12): «Forskning og undervisning i Jostedalsbreamrådet er positivt og nyttig, men forskning og undervisning må ikkje gå ut over verneverdiane og verneinteressene.»

Platåbrear er på Norsk raudliste for naturtypar for 2018 vurdert som sårbar. Jostedalsbreen er den største breen på fastlandet, og såleis godt eigna for mange undersøkingar. For å kunne ta vare på og forvalte områda på og rundt breen er det viktig å ha kunnskap om området.

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt.

Planlagt flyging vil i all hovudsak føregå med meir enn 300 meter over bakken, men nokre stader av spesiell interesse må ein fly innanfor for å få med detaljar. Det er ikkje planlagt landingar nokon stad. Gjennomføring vil ikkje føregå i ein periode der fuglar og dyr er særskilt sårbare, og vegetasjonen vil ikkje bli påverka. Stadane det er planlagt lågtflyging er



relativt lite besøkte områder, og vurderast difor å ha liten negativ påverknad på friluftsliv (nml § 8). Etter nasjonalparkforvaltaren si oppfatting ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor lita vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11. Helikopter er naudsynt hjelpemiddel til arbeidet (nml § 12). Sjølv om tiltaket isolert sett i liten grad vil påverke naturlandskapet, må den einskilde søknaden vurderast etter prinsippet om samla belastning (naturmangfaldlova § 10). Nasjonalparkforvaltaren kan ikkje sjå at denne saka saman med dei andre dispensasjonane som er gitt i dette området samla sett vil føre til uheldig belastning. Løyvet er avgrensa i tid og stad. Hovudprioritet er flyging ein dag kring Jostedalsbreen.

Av omsyn til folk som ferdast på og ved Jostedalsbreen, blir det sett vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. NVE bør unngå motorisert ferdsel i helgene. Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka til ikkje å vere i strid med verneføremålet.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Trygve Snøtun
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Statens Naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM

ST 29/24 Orienterings- drøftings- og referatsaker



Arkivsaksnr: 2024/12652-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 30.08.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	30/24	02.09.2024

Jostedalsbreen nasjonalpark - Motorferdsel - Uthenting av felt hjort med helikopter - Ruteflotdalen

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gjev Nesdal og Kjenndal Hjortelag v/Jan Erik Nesdal løyve til bruk av helikopter til transport av felt hjort frå Ruteflotdalen i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyvet gjeld for tre år, frå og med 2024 til og med 2026. Løyvet gjeld for inntil eit hiv årleg, i perioden frå veke 36 til og med veke 44.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Det skal leggjast til grunn ein restriktiv bruk av helikopter frå jegerane si side, dvs. at omfanget av kjøtt skal vera større enn det ein kan forvente at jegerane kan bere ut av området (minimum to dyr pr. hiv)
- Løyvet gjeld transport av felt hjort. Det er ikkje tillate med frakt av jegerar og annan persontransport ut og inn av området.
- Transporten skal om mogeleg skje utanom helg og heilag dagar.
- Bruk av helikopter skal meldast til SNO v/Anne Rudsengen (tlf 959 63 888) seinast dagen før eventuell transport.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet for nasjonalparkstyret kvart år innan **1. desember**, med oversikt kva som er frakta ut med helikopter (hentestad, tidspunkt, type dyr og tal dyr). Om det ikkje vert brukt helikopter eit år så skal det likevel sendast inn rapport. Merk rapportar med referanse: 2024/12652. Send gjerne på epost til: sfvlpost@statsforvalteren.no
- Løyvet kan endrast eller trekkjast tilbake dersom vilkåra vert brotne.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Stryn kommune om dette.



Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Nesdal og Kjenndal Hjortelag, datert 26.08.2024
- Tilleggsopplysningar i epost, datert 30.08.2024
- Kart med avmerkte landingsplassar
- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1991
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994)

Søknaden

Nesdal og Kjenndal Hjortelag v/Jan Erik Nesdal søker om løyve til uttransport av felt hjort frå Ruteflotdalen. Det vert søkt om to hiv årleg i tre år. Ynskje er å hente hjort felt i indre delar av Ruteflotdalen og flyge dei ut til bilveg.

«Referer til telefonsamtale i dag, og sender med dette søknad om løyve til Foreskrift 4.1 til helikoptertransport i Ruteflotdalen, Nesdal i Stryn kommune. Jaktlaget har i sesongen 2024 til ut jaktår 2026 7 dyr på kvoten + fri kalv på terrenget vi disponerer. Erfaring viser seg at hjorten står høgt i terrenget, og det er ønskelig med størst mulig uttak av kvota i Ruteflotdalen. Terrenget i dalen er utfordrande, og det er vanskeleg å få felt hjort ut av terrenget, og i tillegg behalde kjøtkvalitet, og uten at mykje kjøt går vekk ved slaktig. Terrenget det blir jakta i er Ramnefjellet, Vesledalen og Ruteflotdalen på begge sider, heilt til inn breen.»

Vi søker med dette om 2 hiv med helikopter med 3 lokalitetar. Dei 2 lokalitetane bak i dalen ligg tett, men på bakgrunn av til dels stor elv i perioden vi søkje om, legger vi inn 2, men mest trulig blir berre ein benytta. Vi tidsbegrensar det frå veke 36 til veke 44. Første jakta er planlagt 6 - 7. september. Siste er ikkje fastsatt. Det vil bli benytta lagline på 30 meter ved uthenting av hjortevilt. ...»

Vi mottok seinare tilleggsopplysningar i epost 30.08.2024:


«Vi har tidlegare år berre jakta frå Ruteflotsetra og fram mot Nesdal på grunn av avstandar og vanskeleg terreng. Siste året fekk vi ikkje full kvote, då været gjorde at vi ikkje kunne ferdast lengst bak i dalen på grunn av fare for steinsprang og is frå fjellssidene.»

I år har vi observert 1 stykk kolle uten kalv i flata i Nesdal mot 6 – 8 dyr åra før.

Vi veit der er ein del dyr som går heilt bak med breen, og har det som sommarbeite, og trekke ut av dalen i starten av oktober.

Så på bakgrunn av det har vi valgt å søkje om uttransportering av vilt frå dalen. Der er 5 km frå Nasjonalparkgrensa til breen, så det er ein betydeleg del av jaktområdet som er i Nasjonalpark.

Kan presisere at det vil ikkje bli benytta helikopter om antallet felte dyr er 2 vaksne dyr eller mindre. F.eks. 1 kolle og 2 kalvar blir frakta ut i sekk.»



Figur 1 Kart over Ruteflotdalen med x på aktuelle lokalitetar for henting av felt hjort.

Lovgrunnlaget

Kapittel III: Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsel er forbode, likeeins lågtflyging under 300 meter og landing jf. verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.1. Landing med helikopter i samband med utfrakting av jaktutbytte er det ikkje opning for i dei spesielle dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova fyrste ledd og fyrste alternativ; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12: Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg



kunnskapsgrunnlag leggest til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Det skal vere ein streng praksis når det gjeld løyve for motorferdsel for transport av felt storvilt ut av nasjonalparken. Men det kan likevel i spesielle høve vere tilrådeleg å gje dispensasjon. I fleire andre verneområde med avsidesliggjande og vanskeleg tilgjengelege jaktfelt er det gjeve dispensasjon for uttransport av felt storvilt med helikopter, men berre når anna transport/bæring er ekstra vanskeleg.

Dei inste delane av Ruteflotdalen er avsidesliggjande, bratt og vanskeleg tilgjengeleg. Når det vert skote fleire dyr på ein jaktdag inst i dalen vil det kunne vere utfordrande å frakte ut alt kjøtet raskt nok og ta vare på kjøtkvaliteten.

Jakt er nemnt i forvaltningsplanen frå 1994, men bruk av helikopter i samband med uttransport av felt storvilt er ikkje nemnt. Hjortebestanden og forvaltninga av denne har endra seg mykje frå tidleg på 1990-talet til i dag. Bestanden har auka mykje og med det har talet på fellingsløyve gått opp. På vernetidspunktet for Jostedalsbreen nasjonalpark (1991) var ikkje hjortejakta så omfattande i området at det vart vurdert å opne for frakt av jaktutbyte i dei generelle dispensasjonsreglane i verneforskrifta. I fleire verneforskrifter, som er utarbeidd etter at bestanden av hjortevilt «eksploaerte», er det i dei spesielle dispensasjonsreglane lagt inn ei opning for å gje dispensasjon for utfraktning av felt storvilt. Mellom anna i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark (2008) er det ein slik heimel.

Kostnadene med helikopterfrakt er vorte relativt mykje rimelegare dei seinare åra, noko som vil kunne auke presset på motorferdsel generelt, også i samband med uthenting av felt storvilt.

Ein kan sjå behovet for å få flydd ut felt hjort i Ruteflotdalen. Det er lagt opp til ein streng praksis når det kjem til å gje løyve til uttransport av felt hjort. I dette tilfellet ligg viktige delar av jaktfeltet innanfor vernegrensa. Jakta er tenkt løyst på færrest moglege dagar og med jaktlag som jaktar i lag for å sikre ein effektiv avskyting og utnytting av heile valdet.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 28.08.2024).

Økosystembelastning og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. Nml. § 10. Det er til tider mykje motorisert ferdsle i Lodalen, utanfor vernegrensa og over lågtflygingsgrensa til Jostedalsbreen nasjonalpark. Dette i samband med turistflyging i området. I Ruteflotdalen er det mindre av denne type flyging då mykje av denne dalen er innanfor grensa til nasjonalparken. Det er viktig å halde motorisert ferdsel på eit lågt nivå. Forvaltar meiner bruk av helikopter for uttransport av storviltkjøt er innanfor det ein kan rekne som akseptabelt når transporten vert avgrensa til ein tur for året.



Helikoptertransporten vil ikkje medføre særleg miljøforringing, og er difor ikkje vurdert etter nml. § 11. Det er viktig at løyvehavaren planlegg transporten godt. Transporten bør skje ein kvardag, og ikkje ei helg av omsyn til friluftslivet. Forvaltar vurderer helikoptertransport som den einaste aktuelle transportmetoden i dei tilfelle der kjøtmengdene som skal ut er for store til å bere. Transport med helikopter vert vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet. Jf. nml. § 12.

Forvaltar vurderer løyvet til ikkje å påverke verneverdiane nemneverdig og ikkje vere i strid med verneføremålet. Området må reknast som bratt og vanskeleg tilgjengeleg, med lang avstand til næraste bilveg. Det kan ofte vere svært vanskeleg å gå ut heile Ruteflotdalen med tung bør i det bratte og ulendte terrenget. På bakgrunn av vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskrifta vurderer forvaltar at det kan gjevast dispensasjon til uttransport av felt storvilt med heimel i naturmangfaldlova § 48.

